

## **Styremøte torsdag 22. november 2018 i Indre Nordmøre forsvarsforening (INF)**

Torsdag 22.11.18 kl. 17.00 - 18.45 var det styremøte i INF på Hammerstuene, Surnadalsøra. Disse møtte: Olav Jostein Holten, Lars Indreiten, Halvor Flatekval, Johs. J. Vaag og Ivar Edmund Vatten.

### **Sak 1.**

#### **Referatsaker**

1. Leiar i Romsdal forsvarsforening, Anton Iversen, orienterte om ein dagskonferanse om forsvar, sikkerhet og beredskap som skal haldast på Romsdal vidaregåande skole i Molde 15. februar 2019 kl. 09.00 - 15.30. Det blir jobba godt med å få tak i habile foredragshaldarar. Aktuelle tema er mellom anna sikring av utsette industrimål. Det blir paneldebatt. Generalsekretæren i Norges Forsvarsforening skal leie paneldebatten. Antydde budsjett er kr. 20.000. Det blir lagt opp til gratis adgang for konferansedeltakarane.
2. Markering av 8. mai skal i 2019 leggast til Straumsnes i Tingvoll kommune. INF blir med på eit fellesarrangement i denne samanhengen. Leiaren får fullmakt til å arbeide vidare med saka.
3. INF tek sikte på å delta på «Hestekreftenes dag» i Rindal i 2019. Leiaren får fullmakt til å arbeide vidare med saka.
4. Kommunen har mottatt ei minneplate over ein engelsk flygar som omkom på Nordmarka under siste verdskrigen. Denne minneplata skal settast på plass i området der flyet møtte bakken. Det vil truleg bli ei markering til sommaren i samband med plasseringa av minneplata.


### **Sak 2.**

#### **Ny dato for årsmøte INF**

Fastsett årsmøtedato kolliderer med tidspunkt for dagskonferanse om forsvar, sikkerhet og beredskap som blir halde i Molde 15.02.19.

Vedtak:

Ny dato for årsmøte i INF blir fredag 01.03.19 kl. 13.00. Møtestad: Hammerstuene.



Johs. J. Vaag

Sekretær i INF